



Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Dato: 25.02.2014  
Dykkar ref.:  
Vår ref.: 2014/209-6

## Fråsegn til kommunedelplan for ferjekai Varaldsøy Fv 126 - Kvinnherad kommune - planID 122420120026 - Melding om vedtak

Saka har vore handsama i Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune. Fråsegna er å finna på neste side.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Nordmark  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest      Askedalen 4  
Fylkesmannen i Hordaland      Postboks 7310

Arkivnr: 2014/209-1

Saksbehandlar: Per Nordmark, Per Morten Ekerhovd, Lars Øyvind Birkenes, Nils Egil Grude

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	9/14	21.01.2014
Kultur- og ressursutvalet	23/14	11.02.2014

**Fråsegn til kommunedelplan for ferjekai Varaldsøy Fv 126 - Kvinnherad kommune - planID 122420120026****Samandrag**

Kvinnherad kommune har tatt initiativ til utarbeiding av kommunedelplan for opprusting av ferjekai på Varaldsøy. Føremålet med planarbeidet er å finna den totalt beste løysinga for ferjekai og val av alternativ. Ein av føresetnadane er at ferjeleiet må kunna trafikkerast av same type ferje som på sambandet Gjermundshamn – Årsnes. Dette er ikkje situasjonen i dag.

Det er utgreia to alternativ der alternativ 1 omfattar oppgradering av eksisterande ferjeleie. Etter alternativ 2 vert ferjeleiet flytta lenger sør på Varaldsøy med to variantar til plassering – Glesvika og Hestevika. Ferjeleiet på Varaldsøy tilhøyrer fylkesvegnettet, fv 126.

Etter ei totalvurdering er det tilrådd alternativ 1 – oppgradering av noverande ferjeleie.

**Forslag til vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune tilrår alternativ 1 – oppgradering av noverande ferjekai på Varaldsøy.  
Det vert tilrådd utskifting av køyrebru, men ikkje utviding av gjeldande oppstillingsplass då dette er vurdert ikkje å vera naudsynt ne.
2. Undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminnelova skal utførast i samband med reguleringsplan.

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.01.2014

**Nils Marton Aadland** (H)sette fram slikt forslag på vegne av H, Frp og V:

« Saka blir utsett. Det skal gjennomførast synfaring før saka kjem opp til politisk handsaming..»

### Røysting

Aadland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Saka blir utsett. Det skal gjennomførast synfaring før saka kjem opp til politisk handsaming.

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014

**Siri Klokkerstuen** (A) og **Peder Sjo Slettebø** (H) sette fram slikt fellesforslag til vedtak:

«1. Hordaland fylkeskommune går inn for å flytta ferjeleiet på Fv 126, Varaldsøy, til Skjelnesodden.

2. Ein legg til grunn at ein kan nytta eksisterande skogsbilveg som vegtrase for å avgrense inngrep i landskapet. Den vidare prosessen må avklare kva som er mest tenleg ferjeleie av alternativ 2a og 2b. Vidare trasé frå skogsbilveg til nytt ferjeleie på Skjelnesodden bør leggjast slik i terrenget at ein unngår skjæringar i strandsona. Glevika og Hestvika må skjermast frå inngrep.

3. I vidare utgreiing skal kostnadsreduserande tiltak og forenkla løysingar innarbeidast for å få kostnadsramma for alt.1 og 2 tilnærma like.

4. Undersøkingsplikta etter Kulturminnelova § 9 skal utførast i samband med reguleringsplanen..»

### Røysting

Klokkerstuen og Slettebø sitt forslag vart vedteke med 10 røyster (H, V, Frp og A) mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 3 røyster (MDG og Krf) som fall

### Vedtak

1 Hordaland fylkeskommune går inn for å flytta ferjeleiet på Fv 126, Varaldsøy, til Skjelnesodden.

2 Ein legg til grunn at ein kan nytta eksisterande skogsbilveg som vegtrase for å avgrense inngrep i landskapet. Den vidare prosessen må avklare kva som er mest tenleg ferjeleie av alternativ 2a og 2b. Vidare trasé frå skogsbilveg til nytt ferjeleie på Skjelnesodden bør leggjast slik i terrenget at ein unngår skjæringar i strandsona. Glevika og Hestvika må

skjermast frå inngrep.

- 3 I vidare utgreiing skal kostnadsreduserande tiltak og forenkla løysingar innarbeidast for å få kostnadsramma for alt.1 og 2 tilnærma like.
- 4 Undersøkingsplikta etter Kulturminnelova § 9 skal utførast i samband med reguleringsplanen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg:

1. Plankart
2. Planomtale med konsekvensutgreiing
3. Føresegner
4. Høyringsbrev

Fylkesrådmannen, 03.01.2014

## 1 Bakgrunn

Kvinnherad kommune har tatt initiativ til utarbeiding av kommunedelplan for opprusting av ferjekai på Varaldsøy. Kommunen har med brev datert 18.10.2013 sendt kommunedelplan for ferjekai på Varaldsøy på høyring med høyringsfrist 20.12.2013. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til 31.01.2014. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Kultur – og ressursutvalet kan gje fråsegn.

### Planprosess og medverknad

Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til oppstart og planprogram i brev av 22.03.2013.  
Hordaland fylkeskommune v/ samferdselsavdelinga/Skyss har delteke i prosjektgruppe for planen.

## 2 Innhold i planen

Planen er ein kommunedelplan og gjeld ferjeleie på Varaldsøy og areal på Skjernesodden sør på Varaldsøy. Det er utgreidd to alternativ; 1 og 2 i tillegg til eit alternativ 0 som er ein uendra situasjon. Alternativ 2 er utgreidd i 2 alternativ.

Planen består av følgjande dokument:

- Planomtale med konsekvensutgreiing
- Føresegner (juridisk bindande)
- Plankart (juridisk bindande)
- Konsekvensutgreiing

Planarbeidet er delt inn i følgjande alternativ:

- Alternativ 1: opprusting av eksisterande ferjeleie
- Alternativ 2: ny ferjeleie Skjernesodden
  - Alternativ 2a, Glevika
  - Alternativ 2b, Hestvika



*Figur 4-2. Alternativ 1 er vist med svart stipla linje, alternativ 2 er vist med rød stipla linje, alternativ 2a, Glevika, er vist med grøn stipla linje og alternativ 2b, Hestvika er vist med blå stipla linje.*

Varaldsøy er ei øy med 234 innbyggjarar (SSB 01.01.2012). Det er 4,5 km offentleg veg på øya – fv 126. Varaldsøy har samband med fastlandet med ferje til Gjermundshamn og Årsnes. To ferjer trafikkerer sambandet. På grunn av standarden på ferjeleiet på Varaldsøy kan det her berre nyttast mindre ferjer, og berre den eine ferja kan i dag trafikkera Varaldsøy. Dette er ineffektivt og fordyrande og gjev eit lite fleksibelt tilbod til folk på Varaldsøy.

Tabell 4-1 Samanstilling av ikkje-priserte konsekvensar

Tema	Alt. 1 Opprusting av eksisterande ferjeleie	Alt. 2 + 2a. Nytt ferjeleie Glevika	Alt. 2 + 2b. Nytt ferjeleie Hestvika
Landskap	0	--	--/-/-
Nær miljø og friluftsliv	0/-	-	--
Naturmiljø	0	--	--
Kulturminne	0/-	0	0
Naturressursar	-	-	-
Strandsone	-/0	---	---
Samla vurdering	-	---	---
Rangering	1	2	3

Utsnitt frå konsekvensutgreiinga

#### Alternativ 1 med oppgradering av eksisterande ferjeleie:

- Gjev minst inngrep og skaper minst konfliktar med interesser knytt til landskap og strandsone.
- Har lite konfliktar med kulturminne på land, men har potensiale for at ein kan koma i konflikt med kulturminne i sjø.
- Investeringskostnader er klart minst, berekna til 32 mill. med ny oppstillingsplass.

#### Alternativ 2 med nytt ferjeleie lenger sør på Varaldsøy:

- Gjev kortare ferjetid mellom Gjermundshamn og Årsnes med anløp på Varaldsøy og vil ved dette gi ein samfunnsmessig gevinst. Det er ikkje vist konkrete kva denne samfunnsmessige gevinsten vil vera.
- Har lite konfliktar med kulturminne både på land og i sjø.
- Har konsekvensar for både landskap, strandsone og natur.
- Er det klart dyraste alternativet med bygging av 2 km ny veg og nytt ferjeleie, berekna til 59 mill. (alt. 2a).

### 3 Vurdering av regionale interesser

I dette avsnittet vurderer vi i kva grad regionale interesser er ivaretatt i planen. Det er gjort konkrete vurderingar av dei ulike alternativ.

#### Barn og unges interesser

Skuleborn pendlar frå Varaldsøy. Rutefrekvens og reisetid har verknader for skuleborna. Opprusting av ferjeleiet vil gjera vilkåra for ferjetransport meir fleksibel og må vurderast å vera positivt for born og unge.

## Kulturminne og kulturmiljø

Vi viser til vår fråsegn til høyring av planprogram datert 22.03.2013 (vår ref. 201303017). Bergens Sjøfartsmuseum har også varsle eventuelle marinarkeologiske registreringar.

Konsekvensutgreiinga er tydeleg og rimeleg grundig gjennomført med omsyn til kulturminne og kulturmiljø. Det er fleire SEFRAK-registrerte bygningar i nærliken av planområdet, spesielt i nordre og sør del. Det er også kjent nokre automatisk freda kulturminne aust for planområdet. Kjende kulturminne er forholdsvis godt utgreidd med omsyn til planen sin verknad på desse. I nordre del er det alt eksisterande infrastruktur og det er difor lite som tyder på at planen vil få ytterlegare negativ verknad på kulturminna. I sør er avstand fra kulturmiljøet i Låtrevika om lag 150 meter og ut fra topografin er det lite som tydar på at planen vil få særleg visuell konsekvens for kulturmiljøet, eventuelt negativt når ferja legg til og går. For dei kjende automatisk freda gravrøysene vil planen ha liten eller ingen verknad slik kartet ligg føre no.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Av dei ulike alternativa er det alternativ 1 som har høgst potensial for konflikt med marine kulturminne. Det har vore båtbyggjarstad omrent der som ferjekaia ligg i dag, men i nærliggande område har det vore til saman 6 båtbyggjarstader eller vervaplasser. Alternativ 2a og 2b har lågast konfliktpotensial med marine kulturminne. Områda sør på Varaldsøy er brådjupe, men me varsler at det kan verte naudsynt med marinarkeologiske undersøkingar, desse vil truleg ha avgrensa omgang.

## Landskap

I vår fråsegn til oppstartsmeldinga vart det peika på at landskap og strandsone er eit viktig tema i denne planen. Det er gjort gode analysar av landskap i planarbeidet. Alternativ 1 har dei klart minste verknader for landskapet. For alternativ 2 ligg ein stor del av planområdet i, eller grensar inntil landskapstypen Breie fjordlandskap med høg verdi.

## Næringsutvikling

Lokalbutikken er lokalisert ved noverande ferjeleie. Dette er ei god lokalisering med omsyn til kundar og når det gjeld varelevering. Siste år er gamleheimen avvikla på Varaldsøy noko som merkast på omsetjinga ved butikken. Flytting av ferjeleiet i samsvar med alternativ 2 vil få store konsekvensar for butikken på Varaldsøy som ikkje har høve til å etablera seg annan stad. Flytting av ferjeleie kan difor setja drift av lokalbutikken i fare.

## Samferdsel

Hordaland fylkeskommune har som veigeigar av fylkesvegar særlege interesser i saka. Både verknader for publikum, driftskostnader og investeringeskostnader må vektleggjast.

Som det går fram av kommunedelplanen har dagens ferjekai ein standard som gjer at den ikkje kan trafikkerast med same ferjestorleik som dei andre ferjekaiene i trekantsambandet Årsnes-Varaldsøy-Gjermundshamn. I høyringa av planprogrammet våren 2013 vart det fra fylkeskommunen si side vist til at ferjekai på Varaldsøy er omtalt i handlingsprogrammet for Regional transportplan for Hordaland i perioden 2018-2024. Fylkeskommunen har gått inn med midlar i planarbeidet og bedt kommunen om å gå bredd ut, og at ein i dette arbeidet skulle sjå infrastruktur og ferjedrift i samanheng.

I høyringa av planprogrammet vart det og frå fylkeskommunen si side vist til at alternativ 1 vil vere mest aktuell på sikt. Vidare at opprusting av ferjekaia må vurderast i samanheng med framtidig ferjesituasjon på sambandet og at det førebels ikkje var teke stilling til spørsmålet om utviding av oppstillingsplassen på kaia.

Ved å flytte ferjekaia heilt sør på Varaldsøy må det opparbeidast 2 km ny veg og anleggjast eit heilt nytt ferjeleieleg til ein berekna kostnad på rundt 60 mill. kr. Dette er klart den beste løysinga når ein tenkjer

reisetid for ferjene i trekantsambandet som går oppunder Varaldsøy. Å få på plass finansiering av eit ferjekaialternativ i planperioden 2018-2024 i den storleiken som det her kjem fram i konsekvensutgreiinga vil vere vanskeleg.

I alternativ 1 er det vurdert enten oppgradering av eksisterande ferjekai eller total oppgradering. Frå ein ferjefagleg ståstad vil ein tilrå at ein skiftar ut dagens køyrebru og set opp eit støttepunkt, ein såkalla «Duc d'Alba». Kostnaden ved ei slik oppgradering vert anslått til mellom 10- og 12 mill. kr. Når det gjeld utviding av oppstillingsplassar på kaia vert dette vurdert som ikkje naudsynt i noverande tidshorisont.

## 4 Oppsummering

Ferjeleiet på Varaldsøy legg tydelege avgrensingar for ferjetrafikken i trekantsambandet Gjermundshamn - Årsnes - Varaldsøy. Berre mindre ferjer kan trafikkera Varaldsøy.

Hordaland fylkeskommune er veigeigar og må finansiera og drifta både ferjeleiet og evt. ny veg.

Planlegging av nytt ferjeleie er viktig og naudsynt for å få ei betring av situasjonen. I planarbeidet er det vurdert ulike alternativ, både å oppgradera eksisterande ferjeleie, eller å byggja nytt ferjeleie lenger sør på Varaldsøy for å korta ferjestrekninga.

Kommunen har ikkje tatt stilling til alternativ. Dette skal kommunen gjera etter høyringa.

Etter ei samla vurdering vert Alternativ 1 - opprusting av eksisterande ferjeleie tilrådd.